



Route and places of interest

Terrain: Road and easy gravel and forest roads

Time: Nes-Nernæs - Grønestølen, about 2 hours. Junction (8) - Hansvåg about 20 min.

Turn off Rv. 49 just after the sign at Nes Bygdesag. Park here (1).

The first saw mills at Nes were established in 1773 with a vertically bladed saw, later converted to a circular saw and a new water powered turbine mill was constructed near Rv. 49 in 1962.

You start off on the public road - Nernæsvegen - towards the sea. Cross the bridge over Neselva (2). There were two mills and two saws here until the early 1960's.

At «Stegen», (3) you will find the road junction. The road to the right goes to Salbuvik, through the residential area and to the timber quay.

You turn left to Nernæs. The landscape opens up and the farms at Nes come into view, both in full operation. On your left, behind the stone walling you will see Nestunet (4). In 1921 the old smoke house, Bualoft, raised storehouse, and oven house were moved to the Norwegian Folklore Museum at Bygdøy in Oslo and form the central piece of the West Country exhibit there. Both farming and tourism are important industries at Nestunet and you can stay overnight in an atmosphere rich in cultural traditions.

You carry on past Nestunet and take a break at Olderhaugen (5). Enjoy the views while taking a cup of coffee from your flask. Nestvatnet is to the east and you can see all the way in to the Strandebarm Fjord. To the north, behind Nestunet, Neststeinen (Nes Mountain) rises 669 metres asl. A difficult mountain to get to for those unfamiliar with the area. To the south, on Varaldsøy, Sandvikshorga reaches 534 metres high.

Carry on along the public road leaving the farmlands behind you and take a short detour to the left to «Fatigheso» (6). Rest your feet for a while and enjoy the view over Nesvatnet. Fishing swimming and camping are not allowed.

Return to the public road and start the climb up «Mannasteg» (7). The name (He-mans Steps) bears witness of a path that presented a real challenge, especially in the winter months when the ice lies thick on the mountain. At the top, you find the junction to Hansvåg (8). Nernæs, our goal, is a working farm. Nernæs is also well known for its abundant and luxurious forests. The long, straight stretch of road is called Skogen (The Forest) (9). You may be lucky enough to see deer here. You pass Moldhusmyra and arrive at the junction (10) to Kråke. Carry straight on and the view opens up down to Bondesundet and down the Hiss Fjord. Stop a while at «Skorvene» (11) to enjoy the view of the boat traffic on the Silda Fjord and the Bondasund.

Still on the public road and down by the fjord, you will arrive at «Fjærlende» (12). This is a small bay with a landing place for boats to the farm. Perhaps this is also the place the young and hopeful suitors (Friarar) came to meet their future brides.

You have now arrived at Nernæs (13), one of the largest forestry farms in the district. The farm has its own sawmill. If you carry on to the end of the



Nes.

Foto: Rolf Hunstad

Rute og ymse av interesse

Terreng: Veg og lette grus- og skogsvegar.

Tid: Turen Nes -Nernæs - Grønestølen, ca. 2 timar.
Frå vegkrysset (8) til Hansvåg 20 min.

Me svingar av RV-49 etter skilting ved Nes Bygdesag. Her parkerer me på tilviste plassar (1). Sagbruksdrifta på Nes starta opp med oppgangssag i 1733, sidan vart den ombygd til sirkelsag og i 1962 vart det bygt ny sag attmed RV-49. Denne er vandreven med turbin.

Me byrjar på kommunevegen -Nernæsvegen - mot sjøen, og passerer brua over Neselva (2). I dette vassdraget var det 2 sager og 2 kvernhus i drift fram til om lag 1960.

Ved «Stegen» (3) kjem til vegkrysset til Salbuvik. Vegen går til byggjefeltet Salbuvik og til tømmerkaiaen.

Me fortset til venstre mot Nernæs. No åpnar landskapet seg og gardane



på Nes kjem til syne. Nesgardane er begge i full drift. På venstre side bak steingarden ligg Nestunet (4). Frå denne garden vart det i 1921 flytta røykstova, bualoft, stabbur og eldhus til Norsk Folkemuseum på Bygdøy i Oslo, og utgjer kjernen av Vestlandstunet der. I Nestunet driv ein i tillegg til gardsdrifta med turisme, og her er det mogleg å overnatta både i og med kulturhistoriske omgjevnader.

Me fortset forbi Nestunet og kan ta ein kvil ved «Olderhaugen» (5). Her er både benk og bord, og ein kan nyta kulturlandskapet omkring seg. Nesvatnet ligg mot aust, og hevar ein blikket litt, ser ein like inn på Strandebarmfjorden. Mot nord, bak Nestunet, hevar Nes-steinen seg 669 m.o.h. Eit heller vanskeleg fjell å nå, for den som ikkje er kjend. I sør på Varaldsøy ligg Sanvikshorga 534 m.o.h.

Vidare langs den kommunale vegen legg me bak oss det meste av åkerlandet. Her kan me og ta ein avstikkar til venstre, til «Fatigheso» (6), eller kvila beina og nyta utsikten over Nesvatnet. Er du heldig kan du sjå ei and med ungar gli forbi. Fiske, bading og telting er ikkje tillate.

Me går attende til kommunevegen og startar oppstigninga, «Mannasteg» (7). Namnet vitnar om eit steg som krov sin mann, kanskje spesielt vinterstid med is på fjellet. Vel oppe, kjem me til vegkrysset til Hansvåg (8). Nernæs som er vårt mål, er og ein gard i full drift. Nernæs er og kjend for mykje og god skog. Den lange rette strekkja på vegen her, er og kalla «Skogen» (9). Er ein heldig kan ein sjå hjort passera vegen her. Me passerer «Moldhusmyra» og kjem til (10) vegkrysset til Kråke. Me fortset rett fram, og no opnar utsikten seg ned mot Bondesundet og innover Hissfjorden. Me kan stoppa ved «Skorvene» (11) og nyta utsikten. Her har ein oversyn over båttrafikken i fjorden, enten den går Sildafjorden eller inn Bondesund. «Skorvene» var forutan til å vera ein tung ferdslveg for garden, akebakke for ungane på på Nernæs på vinterstid.

Me fortset ned langs kommunevegen, og nede ved fjorden kjem me først til «Friarlende» (12). Kanskje var det her friarane kom til lands med båt? (13) No er me komne til Nernæs, ein av dei store skoggardane her i fjorden. Garden har og eige sagbruk. Går me heilt til enden på kommunevegen, ser me over til den fine Nernæsholmen (14). Holmen vart utskilt frå Nernæs, og dei som budde her, fostra opp 12 ungar. Nernæsholmen er no tillagt hovudbruket igjen. Huset og holmen vert i dag leigt ut på sommarstid.

Me fylgjer kommunevegen tilbake, anten til utgangspunktet (RV 49), eller me kan ta til venstre ved vegkrysset (10) mot Kråke. Frå den kommunale vegen går ein privat veg ned mot Bondesundet. Over Nernæs passerer me «Luren» (15). Me fylgjer grusvegen vidare og går i vestleg retning og kjem ned til Kråke og går over på ein skogsveg (16). Lenger framme kjem me til «Fyrsta neset» (17). Utsynet opnar seg ut over mot Øynefjorden og Hesten. Lengst ute kjem me til Grønesholmen (18), der skogsvegen sluttar. Me tek same vegen attende til kommunevegen. Ved (8) der skogsvegen tek av ut mot Hansvåg, kan ein og ta ein fin tur ned mot sjøen.

Me fylgjer skogsvegen utover langs med Stegavågsmyra (19) som vart oppdyrka for få år sidan. Vegen går innimellom flott furuskog, eit varemerke for Nernæs. Ved Stegavåg (20) gjer vegen ein sving mot venstre, for sidan å gå nedover mot Hansvåg (21). Vegen går ikkje heilt fram til sjøen. I Hansvåg hadde notlaget i bygda nohengja- eit byggverk for å hengja opp og tørka nøter. Me går attende same veg, for å returnera til RV 49 og bilen.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

public road you will have a fine view of Nernæsholmen, (Nernæs Islet) (14). The Islet was separated from the farm for a while but is now back in possession and can be hired during the summer season.

Take the public road back, either to Rv 49, or alternatively take a left turn at the junction (10) at Kråke.

A private road leads from the public road down to Bondesundet. Above Nernæs you pass «Luren» (15). Take the gravel road further west and you arrive at Kråke and meet up with a woodland path (16). A little further on you reach «Fyrsta neset» (17) and the view again opens up showing you the Øyne Fjord and Hesten. At the end of the woodland path you are at Grønesholmen (18). Return by the same route to the public road. At (8), where the woodland path turns off towards Hansvåg, you can take a nice walk down to the sea.

Follow the woodland path out along Nisebegmyra (19), a previously marshy area that was cultivated quite recently. The path takes you through beautiful pine forests, typical of the area. At Stegavåg (20), the road turns left and then drops down to Hansvåg (21), a typical west country fishing hamlet. Return by the same route to get back to Rv 49 and your car.